

# Vekeplan 6.trinn



Time kommune

Lye Skule

Veke: 24

Mål	
Norsk	Elevane skal
Matte	Elevane skal jobba med multiplikasjon.
Engelsk	Elevane skal lesa/lytta og få med seg innhaldet i teksten.
Sosialt	Eg er ein god skulevenn.

## Timeoversikt

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
1.økt 08.30 10.00	Engelsk	Fotball – og kanonball- turnering	Sykkeltur	Norsk	Symjing (Gr. 2 og 3)
2.økt 10.15 11.30	Mat og helse Gr. 1	KRLE Gr. 2		Matte	Arbeidsprogram
3.økt 12.00 13.00	Mat og helse	Matte		Kroppsøving	Norsk
4.økt 13.10 14.10/ torsdag 14.20	Mat og helse	Sosial utvikling		Engelsk	

### Meldingar til heimen:

Timebestilling til helsesjukepleier:





<https://outlook.office365.com/owa/calendar/Helsesjukepleiar@time.kommune.no/bookings/>

Det er fotball- og kanonballturnering på tysdag. Sjå eige skriv.

Sykkeltur på onsdag. Sjå eige skriv.

Dato for skulegårdsfesten er torsdag 11. juni. 18.00 - 20.00

## Lekseplan:

til tysdag	til onsdag	til torsdag	til fredag
<p><b>Rekning:</b></p> <p>Gjer rekneoppgåvene på showbie - matematikk - lekse - veke 24</p> <p><b>Still opp og rekn ut i innføringsboka. Vel mellom A, B eller C.</b></p> <div style="text-align: center;">  <p><b>Husk!</b></p> </div> <p>-Pakk til fotball - og kanonballturneringa.</p>	<p><b>Lesing:</b></p> <p>Skriv i Book Creator. <b>Overskrift:</b> Veke 24</p> <p>A "Guten i kjellaren" i Salto-boka 6B s. 194 og 195 eller Skolestudio Salto 6B kapittel 9 «Meir å lese».</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Kva tyder orda tamburin, bøye(søk på internett) og skybrot?</li> <li>2. Korleis klarte menneska å få båten til å gå framover?</li> <li>3. Kva skjer på slutten av teksten?</li> </ol> <p>B: "Fri som fuglen" s. 123 og 124 i Saltoboka 6B eller Skolestudio Salto kapittel 11.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Søk på nettet og finn ut kva orda melankolsk, rollemodell og ærefrykt tyder. Skriv ned svaret.</li> <li>2. Korleis er forskjellen på ein gutefødsel og ein jentefødsel i Pakistan?</li> <li>3. Far til Malala var lærar. Kva andre jobbar måtte han gjera?</li> </ol> <div style="text-align: center;">  <p><b>Husk!</b></p> </div> <p>-Pakk til sykkelturen</p>	<p><b>Lesing:</b></p> <p><b>Øv på diktaten.</b></p> <p><b>Skolestudio - Explore- chapter 6 "Saving our planet". Les med til lydfile ein gong og les to gonger for ein vaksen.</b></p> <p>A: "The people of the forest" i Skolestudio Explore eller p. 152 i Explore-boka.</p> <p>B: Differensiert lesing eller lang tekst. "The people of the forest" p. 153 i Explore-boka eller Explore i Skolestudio.</p> <div style="text-align: center;">  <p><b>Husk!</b></p> </div> <p>-Pakk gymklede.</p>	<p><b>Lesing:</b></p> <p>Les ein gong høgt for deg sjøl og ein gong for ein vaksen.</p> <p>Lekseleksa ligg på showbie - 6.trinn - Tema - Temalekse</p> <p>A: Side 132 - 133 B: Side 132 - 133</p> <p>Lesebestilling: Skriv i temaboka: Overskrift, veke 24</p> <p>Spørsmåla ligg i showbie i teksten.</p> <div style="text-align: center;">  <p><b>Husk!</b></p> </div> <p>-Pakk symjklede -Lad læringsbrettet til 100%</p>
<p><b>Diktat/finskrift: SOL - ord.</b></p> <p>Det var mange menneske på <i>jordet</i>. Er det <b>plass</b> til eit <i>gjerde</i> bak huset? Det ligg <b>ti</b> <i>harde</i> eple på <i>bordet</i>. Kari ser <b>fram</b> til at ho skal overta <i>garden</i> til foreldra.</p>		<p><b>Glossary</b></p> <p>A: great apes -menneskeapar hardly ever - nesten aldri give birth - føde curved - krumma B: solitary - einsam endangered - trua habitat - leveområde tools - verktøy</p>	

## Sykkeltur rundt Frøylandsvatnet onsdag 10.06.

Til elevar og føresette på 6. trinn

På onsdag sykklar me rundt Frøylandsvatnet. Me sykklar først til Frøyland, vidare til Klepp stasjon og endar opp på Bryne/Sandtangen før me sykklar til Lye. I Sandtangen kan elevane spela frisbeegolf, dersom dei ønskjer det. Då må dei ta med seg frisbee sjølv.

Me sykklar frå skulen klokka 08.30. Alle må sjekke at dei har ein sykkel heime, som er klar til bruk. Sjekk at bremsene virkar, setet har rett høgd, giret er justert, at det er luft i dekkja og at hjelmen passar.

Til denne turen må du ha med:

Hjelm

Klede etter vêret

Vatn

Stor matpakke

Gode sko

Kan ha med:

Varm drikke

Rett i koppen og nudlar

Ekstra genser og ekstra sokkar

Sitjeunderlag

*Helsing: Alf og Rasmus*

## Fotball- og kanonballturnering 2026

Ein av dei mange gilde tradisjonane på Lye skule, er fotball- og kanonballturneringa. Tysdag den 9. juni er det tid for felles turnering for elevane på 4.-7.trinn.

Elevane møter til vanleg tid, klokka 8.30 og har ei kort økt i lag med klassen, før alle samlast ferdig kledde på banane der dei skal spela seinast 09.10. Dei første kampane startar klokka 09.15. Jentene spelar fotball på kunstgrasbanen, her går også kanonballkampane. Gutane spelar kampane på grasbanen.

Kampane går fram til klokka 10.50. Frå 10.50 til 11.30 er det matpause. Laget et saman, og ein hentar mjølk og frukt til dei som skal ha.

I sekken tek du med:

- nudlar/»rett i koppen» eller matpakke. Gaffel/skei
- godt med drikke (vatn)
- ekstra sokkar og genser/vindtett jakke
- regnklede (sjekk vêrmeldinga)
- dei som skal ha fotballturnering: klede til å vera aktive i, fotballsco/joggesco og leggbeskyttarar.
- dei som skal kanonballturnering: klede til å vera aktive i og joggesco.

Klokka 11.35 startar dei siste rundane med kampar som endar med finalespel klokka 12.35.

Skulen sluttar til vanleg tid, 13.00. Me avsluttar dagen på banane.

Helsing lærarane på 4. - 7. trinn

## Symjegrupper

<b>Gruppe 1</b>	<b>Gruppe 2</b>	<b>Gruppe 3</b>
Linnea	Mille	Isabell
Jamal	Selma	Antonio
Jakub	Eirik	Andreas H
Adrian	Alma	Philip Berge
Henriette	Emilija	Eivind
Emil	Axel	Mariell
Emrik	Marcell	Stine
Kristina	Kristin	Cassandra
Vilde	Louise	Frøya
Vegard	Liv	Arild
Oscar	Felix	Isak Time
Andreas S	Erle	Isak Tollefsen
Alette	Yaseniya	Lilja
Philip Heen	Jens	Milena
	Nure	